



Maria Hass Solheim frå Rosendal sikra seg juletrelys som ho skulle henga opp i rommet sitt

Trass i ein gedigen stemnekollisjon kan Lions i Kvinnherad rapportere om ein bruttosum på 16 000 etter loppemarknaden i Aktivitetshuset idag- Det er den driftige forening fornøgd med fordi det har skjedd så mykje anna i dag. I fleng kan nemnast butikksal på Sunde, fotballcup på Husnes, skirenn i Tveitedalen og sport på TV. Og attpå alt kjem det vonde veret. I fjor vart bruttosummen 20 000 men då var det ikkje så mykje anna som skjedde.



Ein DBS sykkel vart seld av Jan Erik Olsson. - Blir god som ny etter at butikken på Husnes har fiksa han, meinte kjøparen

Den fyrste timen av dei 3 marknadstimane i dag var det bortimot fullt i marknadslokalet og dei interesserte kunne glede seg over eit allsidig utval av loppar - frå sportsutstyr via glas til bøker.

Og det stoppar sjølvstakt ikkje der. Då vi var innom etter ein time noterte vi oss mykje som overraskande nok ikkje var seld, til dømes ein dobbel sovesofa til 350 kroner, ein TV til 100, og mykje plater og porselen.

Derimot var det forståeleg at ein pc frå Statistisk Sentralbyrå, ein faxmaskin og, lykter til hestevogn for ein minstepris på 500 ikkje hadde gått unna. I denne dataalderen er det heller ikkje så lett å bli kvitt leksika, sjølv om ein kunne få Aschehoug for 60 og Gyldendal for 30.



Ikkje alt er like lett å omsetja....

Ein marknad som dette, forøvrig nummer 4 i regi av Lions her i bygda, er også eit triveleg sosialt treff og vaflane gjekk unna. Arrangørane sin konklusjon var at det trass i alt vart ein vellukka loppelaurdag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen